

MØTEBOK

Kommune	Styre, råd, utval	Møtestad	Møtedato	Frå kl. 19.00 Til kl. 21.00
Aurland	fjellstyret	Fjordsenteret	6.2.18	

TIL STADES PÅ MØTET

Medlemar Erling Nesbø, John Håland, Reidun Bøe Bjørgum, Bjørn Ebne.

**Vara-
medlemar** Sturle Ryum

Andre Knut Fredrik Øi, Harald Skjerdal.

HANDSAMA SAKER

Sak nr./år
1/18, 2/18, 3/18.

UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med våre underskrifter at blada i møteboka som vi har signert for er førde i samsvar med det som blei fastsett på møtet.

UTSKRIFTER

Hovudutskrift er sendt til
Fjellstyremedlemene og -varamedlemene, Aurland folkebibliotek.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 6.2.18

Stad: Fjordsenteret

Sak 1/18. Referat og meldingar

- 1) Møtebok frå fjellstyremøtet den 15. desember 2017
- 2) Rapport frå hjortejakta i Nordheimsdalen i 2017
- 3) Oversikt over fiskekortsålet i 2017, Aurland fiskeadministrasjon
- 4) Fjellopsyn frå mange fjellstyre hadde ei 3-dagars samling i Stjørdal i slutten av januar, i regi av Norges fjellstyresamband. Knut Fredrik og Håkon deltok frå Aurland. Knut Fredrik orienterte frå samlinga.
- 5) Fjellopsynet er engasjerte av NINA for å fella simler med GPS-klavar i sone 2, grunna isdanning på klavar. Samarbeid med Hol fjellopsyn . Harald orienterte.
- 6) Tenestekjøpsavtale med SNO er inngått for heile vinteren i samband med tilsyn med rein langs fv. 50 og ettersyn av sperregjerde.
- 7) Gasta AS er i arbeid med ny nettside for Aurland fjellstyre. Harald orienterte.

Sak 2/18. Fjellstyrerekneskapen for 2017

Årsrekneskapen for 2017 låg føre, og vart gjennomgådd i møtet.

Samrøystes vedtak:

Fjellstyrerekneskapen for 2017 vert godkjend. Årsoverskotet på kr. 473.958 vert lagt til den frie eigenkapitalen.

Sak 3/18. Fjellstyret si årsmelding for 2017

Utkast til årsmelding låg føre. Nokre skrivefeil, årstal, vart retta i møtet.

Samrøystes vedtak:

Årsmeldinga for 2017 vert godkjend.